

Musea på Sunnmøre
Museumsvegen 1
6015 Ålesund

Museumsvegen 1
6015 Ålesund

v/ Audhild Gregoriusdotter Rotevatn

Foretaksregisteret: NO 98 9377132 MVA
www.sunnmore.museum.no
www.jugendstilsenteret.no
www.folkemusikkarkivet.no
postmottak@mupsu.no

Vår dato
25.11.2020

Dykkar dato

Vår referanse
17/00005-49

Dykkar referanse

Innspel til strategi for folkemusikk og folkedans.

Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal vart i 2019 fusjonert og er i dag ein del av det konsoliderte regionmuseet Musea på Sunnmøre. Folkemusikkarkivet har dei siste 30 åra samla, forska og formidla folkemusikken og folkedansen frå Møre og Romsdal. Folkemusikkarkivet har eitt årsverk.

Eit nasjonalt fagsystem for lyd er sårt tiltrengt. Folkemusikkarkiva har i årevis jobba for dette. Etter som åra går og samlingane vår vert meir og meir digitaliserte er det også behov for system som kan nyttast til video og notar.

Vi ser det som sær viktig at folkedansen vert jamstilt med folkemusikken. Folkemusikken kan stå åleine som uttrykksform, men det kan ikkje dansen. Folke-dansen er sårbar. Om støtteordningar, stipend og fast støtte vert øyremerkta folke-dansen, vil ein samstundes styrke folkemusikken.

Det er viktig at Folkemusikkarkiva som er ein del av musea har handlingsrom til å initiere større prosjekt over ein lengre periode i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Eit døme frå oss er ungdomsprosjektet "Raudan gull".

Ungdomsprosjektet Raudan gull er for ungdom som spelar, dansar og syng i alderen 13-30 år. Prosjektet nyttar profesjonelle instruktørar til dei 2-3 helgesamlingane. Dei profesjonelle instruktørane finn materiale hos Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal som vert arrangert og tilpassa ungdomane sine instrument og nivå. Prosjektet er eit samarbeid mellom dei frivillige organisasjonane; Møre og Romsdal Folkemusikklag, Sunnmøre frilynde ungdomssamlag og Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal som administrerer prosjektet.

Samlingane skaper nettverk og samhald mellom ungdomane og ein arena dei ikkje har lokalt. Sidan tiltaket er prosjektbasert, nyttast det store resursar på administrasjon knytt til søknadsskriving og rapportering. Prosjektet er då veldig sårbart. Vi ynskjer ordningar som

Vår dato
25.11.2020

Vår referanse
17/00005-49

legg til rette for at tiltak som ungdomsprosjektet Raudan gull vert sikra varige løyvingar, då vi ser at dette er viktig for samskaping, opplæring og vidareføring av immatriell kulturarv.

Folkemusikkarkivet arbeider med å digitalisere historiske opptak og gjere folkemusikk, folkedans og notar tilgjengelege på nye plattformer og ei trygg og sikker dokumentasjon for denne delen av kulturarven. Dette har mellom anna Folkemusikkarkivet i Møre og Romsdal bidratt med gjennom Folkepedia, der ein spelar inn videoar av folkedans med pedagogisk føremål. Å vidareutvikle dette meiner Musea på Sunnmøre bør vere ei viktig oppgåve også framover.

Med venleg helsing

Audhild Gregoriusdotter Rotevatn
Administrerande direktør

Dokumentet er elektronisk godkjent, og har difor ikkje handskrivne signaturar.